



Møtebok Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Torsdag 16. februar 2023 – kl. 1800-2100

Stad: Banken

Desse møtte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Randi Legård, Heine Eikemo (vara for Håkon Småbrekke)

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Publisert: 27.2.2023

Saker til styremøtet:

Sak 01/23: Meldingssaker

Sak 02/23: Eventuelt/informasjon hendingar sidan førre møte

Sak 03/23: Godkjenning rekneskapen 2022

Sak 04/23: Godkjenning Årsmelding 2022

Sak 05/23: Vidareføring samjaktavtale HA290

Sak 06/23: Organisering – vinteraktivitet 2023

Sak 07/23: Veggen vidare på Midtfjellsvodlen

Sak 08/23: Kostnadsdeling med Ullensvang FS – arkiv og fjellstyrekontor

Sak 09/23: Fornye leigekontraktar med Statskog for Svandalsflona

Sak 10/23: Fiskeforbetrande tiltak

Sak 11/23: Stiftelsen Redd Villreinen – tilskot til grunnkapital

Sak 12/23: Årsmøte i Røldal Grendahus

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/

Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Heine Eikemo/s/



Sak 01/23: Meldingssaker

Saksutgreiing:

Postliste:

2022.11.28-040 Røldalsmarknaden - Info om Røldalsmarknaden 2023
2022.11.28-612.1 Dyrenes Rett - Villreinen på Hardangervidda settes i stor fare
2022.11.29-040 Røldal fjellstyre - Påmelding Røldalsmarknaden 2023
2022.12.01-001.0 Røldal fjellstyre - Førespurnad om politisk handsaming om Breifonn statsallmenning
2022.12.01-612.3 Røldal fjellstyre - Uttale frå Røldal fjellstyre om CWD-tiltak
2022.12.02-011.3 Røldal fjellstyre - Signert samarbeidsavtale 2023-2027
2022.12.09-141.9 Statskog - Samtykke til bevilgningar til allmennyttige formål
2022.12.12-612.7 SNO - Oppsynsrapport Hardangervidda 2022
2022.12.12-612.7 SNO - Rapport etter jaktsituasjon ved Kollstjørn 15.8.22
2022.12.12-60 Statskog - Svar på førespurnad om om fornying av leigekontrakt Svandalsflona
2022.12.14-60 Røldal fjellstyre - Tilbakemelding på svar frå Statskog om leigekontrakt Svandalsflona
2022.12.15-612.3 Villreinutvalet - Informasjon om utarbeiding av ny bestandsplan
2022.12.15-612.3 Villreinutvalet - Oppsummering frå årets kalve- og strukturtelling
2022.12.16-43 Tilsynsutvalet - Løyve til transport med snøskuter og trakkemaskin til Ninive
2022.12.16-035.0 Røldal fjellstyre - Førespurnad om moglegheit for tilkobling av straum til stølar på Haukelifjell
2022.12.16-41 Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark - Invitasjon fellesmøte for forvaltninga av Hardangervidda nasjonalpark
2022.12.26-145.3 Røldal fjellstyre - Søknad om friluftsmidlar
2023.01.04 Ullensvang fjellstyre - Fordeling av omsetnad av fellesfiskekortet 2022
2023.01.06-612.7 SNO - Informasjon om instruks for oppfølging av skrantesjuka
2023.01.10-612.3 Villreinutvalet - Spørjeundersøking om cwd og bestandsforvaltning Hardangervidda
2023.01.11-145.9 Røldal fjellstyre - Søknad om støtte frå Levande og attraktive bygder og grender
2023.01.19-60 Per Lykke - Invitasjon til nettmøte om cwd
2023.01.20-612.3 Røldal fjellstyre - Svar på spørjeundersøking om cwd og bestandsforvaltning Hardangervidda
2023.01.24.145.5 Røldal fjellstyre - Søknad til Grunneigarfondet om tilskot til renovering av Eriksbu
2023.01.25.145.4 Røldal fjellstyre - Søknad til Grunneigarfondet om støtte til fiskeforbetrande tiltak
2023.01.25-612.1 Helleik Rabbe - Søknad om samjakt 2023
2023.01.25-43 Røldal fjellstyre - Rapport om bruk av løyve til helikoptertransport i samband med storviltjakt
2023.01.25-35 Røldal fjellstyre - Førespurnad om formalisering av avtale om bruk av vegen til Middyr
2023.01.31-612.7 Eidfjord fjellstyre - Utkast brev om Statens naturoppsyn sin instruks i samband med Rv7 og villrein
2023.01.31-612.7 Røldal fjellstyre - Tilbakemelding på utkast til brev om Statens naturoppsyn sin instruks i samband med Rv7 og villrein
2023.02.01-329 Eidfjord kommune - Høyring på forslag til Forskrift om atferdsreglar og parkering på og ved Tinnhølvegen i Eidfjord kommune
2023.02.02-60 Per Lykke - Invitasjon til deltaking i oppretting av Stiftelsen Redd Villreinen
2023.02.03-011.3 Fjellstyra på Hardangervidda - Årsrapport Hardangervidda Fjelloppsyn 2022
2023.02.03-60 Røldal fjellstyre - Svar på førespurnad om oppretting av Stiftelsen Redd Villreinen

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



2023.02.03-030 Røldal Grendahus - Innkalling til årsmøte

2023.02.06-612.7 Eidfjord fjellstyre - Brev om Statens naturoppsyn sin instruks i samband med Rv7 og villrein

2023.02.06-612.3 Villreinnemnda for Setesdalsområdet - Beredskapsplan for omsyn til villrein i vanskelege vintrar

2023.02.07-43 Røldal fjellstyre - Søknad om motorferdselløyve i samband med renovering av Eriksbu

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Kort gjennomgang postlista.

Tor Helge orienterte om brev frå DNT til villreinnemnda der dei informerer om at dei held Hedlevassbu stengt ut juni.

Etter innkallinga har Statskog sendt eit nabovarsel om oppføring av hytte ved Glupen, utanfor statsallmenningen. Det var semje om at fjellstyret ikkje har merknadar til dette.

Vedtak (sak 01/23):

Styret tek meldingssakene til vitande.

Sak 02/23: Eventuelt/informasjon hendingar sidan førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

- Det er (endeleg) oppretta dialog med Lyse Kraft angående fiskeutsettingar i reguleringsmagasina.
- Fjellstyret har sendt ein del søknadar om støtte:
 - o Grunneigarfondet – renovering Eriksbu
 - o Grunneigarfondet – tiltak fiske
 - o Ildsjelfondet – renovering Eriksbu
 - o NFS/MD – rekrutteringsmidler
 - o Støtteordning Heiplanen – utbetring/modernisering av stølane
- Tor Helge, Håkon, Heine og Jan var på haustmøte på Geilo 26. november. Røldal, Ullensvang og Eidfjord fjellstyre spleisa på ein buss til dei jegerane som ynskja å delta.
- Tor Helge deltok på fellesmøte for forvaltninga på Skinnarbu 18.-19. januar

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



- Tor Helge deltok på eit møte (i privat regi) med tema «Nei til vinterjakt og veien vidare».
- Det er sendt prisførespurnad til Fagne angående straumtilkobling på stølane.
- Røldalsspelet skal arrangerast òg i 2023. Dei lånte lavvoen til fjellstyret i fjor, og har kome med førespurnad om å gjere det same i år.
 - o Gjer merksam på at Tor Helge og André er indirekte involvert i Røldalsspelet.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Orientering ved Tor Helge om:

- Dialog med Lyse Kraft om fiskeutsettingar i reguleringsmagasina.
- Politisk handsaming i Ullensvang kommune om forvaltninga av Breifonn statsallmenning – saka blir teke opp i Utval for samfunn, plan og næring i mars.
- Kontakt med Fonna og Fagne om straum til stølane.

Det var semje om å låna ut lavvoen til Røldalsspelet utan betaling, som i fjor.

Vedtak (sak 02/23):

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 03/23: Godkjenning rekneskapen 2022

Saksdokument:

- Rekneskap for 2022 (vert ettersendt når ferdigstilt)

Saksutgreiing (THHT):

Rekneskapen for 2022 er forventa ferdigstilt i løpet av veka før møtet. Denne vert ettersendt når den er klar.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre godkjenner framlagde rekneskap for 2022 med atterhald om godkjenning av revisor.



Referat:

Det blei påpeikt ein mogleg feil i føringa av aksjeposten for Røldal Eiendomsselskap as. Rekneskapsførar blir kontakta om dette.

Elles var det ingen merknadar til rekneskapen.

Vedtak (sak 03/23):

Røldal fjellstyre godkjenner framlagd rekneskap for 2022, med eventuell justering av aksjeposten for Røldal Eiendomsselskap as, med atterhald om godkjenning av revisor.

Samrøystes.

Sak 04/23: Godkjenning Årsmelding 2022

Saksdokument:

- Årsmelding for 2022 (vert ettersendt når ferdigstilt)

Saksutgreiing (THHT):

Vert fullført når rekneskapen for 2022 vert motteke. Denne vert ettersendt når den er klar.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre godkjenner framlagt årsmelding for 2022.

Referat:

Det var ingen merknad til utkast til årsmelding.

Vedtak (sak 04/23):

Røldal Fjellstyre godkjenner framlagt årsmelding for 2022.

Samrøystes.

Sak 05/23: Vidareføring samjaktavtale HA290

Saksdokument:



- 2021.01.25.612.1.H.Rabbe-SIGNERT Forslag til samjaktavtale med HA290

Saksutgreiing (THHT):

Røldal Fjellstyre må ta stilling til om samjaktavtalen med HA290 skal seiast opp. Eventuelt om den skal reviderast. Frist 01. mars. Noverande avtale gjeld ut 2023.

Det har ikkje kome fram forslag frå eigar av HA290 om endringar eller oppseiing av avtala.

Etter det sakshandsamar kan forstå har avtala fungert etter intensjonen. Er dette tilfellet, bør fjellstyret soleis vidareføra avtalen.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre vidarefører samjaktavtalen med HA290 i 2023.

Referat:

Heine Eikemo var erklært ugild i saka, og deltok ikkje i handsaming av saka.

Det var semje om å vidareføre samjaksavtalen i 2023.

Vedtak (sak 05/23):

Røldal fjellstyre vidarefører samjaktavtalen med HA290 i 2023.

Samrøystes

Sak 06/23: Organisering – vinteraktivitet 2023

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Alle «aktørar» på Hardangervidda vert i år bedd om å avslutte transport og aktivitet etter påske. Dette medfører at fjellstyret er kome litt i ein skviss, då underteikna ser det som lite



truleg at ein greier å gjere seg ferdig med aktiviteten før påske. Dette er beklageleg, men underteikna vurderar det som mest skånsamt å gjennomføre prosjekta på snøføre, samanlikna med all helikoptertransporten som elles vil verte generert om ein gjennomfører prosjekta til sommaren. Ein tar sjølvstakt forbehold om at ein avbryt arbeidet om dette visar seg å kome i konflikt med forstringsflokkane.

Ein planlegg for å gjere mest mogleg arbeid i Hedlevass før påske. Snikker planlegg difor å utføre renoveringa av Eriksbu før påske.

- Underteikna har ikkje inngått noko avtale om vintertransport i år. Dette fordi fjellstyret etter planen skal ha prosjekter på alle hyttene i vinter. Underteikna antek soleis at ein må ha moglegheit til å køyre inn ved i samband med dette. Det er også inngått avtale om kjøp av ved.
- Fjelloppsynet har fått i oppdrag å rydde ut steinbua ved Gamlabua. Underteikna har planlagt at eventuell «tid til overs», vert nytta diverse småarbeid. Til dømes å merke fjellstyret sine fiskegarn, vedtransport, køyre heim søppel, rydde i uthus osv.
- Heimkøyering av båt?

Større prosjekt:

- Renovering Eriksbu
 - o Materialtransport vert etter planen gjennomført av snikkerane sjølve.
 - o Hytta må måkast fram
 - o Skifte av vindu o.l. vil medføre behov for nye utforingar/lister inni hytta. Forsøkje å avtale med snikker om å tilpasse foringane.
 - o Kjøkkenet bør i same slengen byggjast om (for å tilfredstille krav til propankokeapperat/steikeovn).
 - Leggje golvbelegg?
 - Ny benkplate?
 - Fjerne dør mellom kjøkken og gang?
 - o Oppgradere solcelleanlegget?
- Uthus på Ninive:
 - o Planlegg for å transportere inn all material før påske.
 - o Sjølve arbeidet vert etter planen utført rett etter påske.
 - o Måke fram tomte – køyre inn beltefres?
 - o Kva trengs av etterarbeid?
 - o Fjellstyret må lande på kva toalettøysing dei ynskjer å gå for.
- Utbetring eldstader – pålegg frå feiar
 - o «Pipemannen» planlegg å gjennomføre utbetringane i byrjinga av April. Han treng ein tur på befaring i løpet av februar/mars.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

**Referat:**

Fjellstyret diskuterte gjennomføringa av dei planlagte utbetringane på fjellstyrehyttene dei komande månadane. Det var semje om at ein bør få gjennomført desse på snøføre, sjølv om ein kanskje må nytte perioden etter påske noko. Forutsetninga er at det ikkje er reinsdyr i området dei aktuelle periodane.

Tor Helge sender informasjonsmail til brukarane av fjellstyrehyttene og forklarar at det er behov for dugnadsarbeid i samband med renoveringa av Eriksbu. Fjellstyret vil ikkje at håndverkar skal prioritere å bruke tid på «innearbeidet». Om fjellstyret ikkje dette arbeidet løyst på dugnad, vert dette ståande att til neste vinter. Fjellstyret ynskjer å utbetre kjøkkenet i Eriksbu (modifisere kjøkkenseksjon, golvbelegg, ny benkeplate) i denne samanheng.

Ein bør forsøkje å få organisert nokon til å køyre inn beltefres til å måke fram tomta til uthuset på Ninive. I fyrste omgang forsøker ein og å få dette løyst på dugnad.

For å halde motorferdselen så låg som mogleg, forsøker ein i år å få gjennomført transportoppdraga (boss og ved) i kombinasjon med renovasjonsarbeidet.

Tor Helge får fullmakt til å kjøpe inn «toalettløysing» til utedo på Ninive.

Om det visar seg enkelt å løyse oppgåver på dugnad i løpet av vinteren, ynskjer fjellstyret å oppgradere/utvide kjøkkenseksjonen på Ninive. Då med gasskomfyr.

Vedtak (06/23):

Tor Helge sender informasjonsmail til brukarane med oversikt over dugnadsbehovet til vinteren. Fjellstyret planlegg for ny toalettløysing på Ninive, og utbetring/fornyng av kjøkken i Eriksbu/Ninive i henhold til referatet over.

Samrøystes.

Sak 07/23: Vegen vidare på Midtfjellsvodlen**Saksdokument:****Saksutgreiing (SL):**



Som kjent er det behov for utedo på Midtfjellsvodlen. Planane om å nytte stølshusa ein større del av året enn i beiteperioden gjer dette enno meir aktuelt enn tidlegare. Det er og fornuftig å ha ein båt i tilknytning til hytta. Andre investeringar kan og vera aktuelle.

Det har blitt søkt om midlar frå ei regional støtteordning for Heiplanen i regi av Rogaland fylkeskommune til ny utedo på Midtfjellsvodlen samt andre utbetringar på stølane på Haukeli. Andre aktuelle kjelder til midlar er Grunneigarfondet, Sparebankstiftinga Hardanger, Sparebank1-stiftinga Kvinnherad og spelemidlar.

Fjellstyret bør ta stilling til om ein skal byrje prosessen med å søkje om byggeløyve til ny utedo. Det vil føra med seg ein del arbeid og utgifter.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Det var semje om å starta prosessen med byggeløyve og planlegging av do, eventuelt i kombinasjon med naust.

Vedtak (sak 07/23):

Fjellstyret startar prosessen med å byggeløyve og planlegging av do, eventuelt i kombinasjon med naust.

Samrøystes.

Sak 08/23: Kostnadsdeling med Ullensvang FS – arkiv og fjellstyrekontor

Saksdokument:

Saksutgreiing (SL):

Røldal Fjellstyre deler sekretær med Ullensvang FS. Dette fører til at dei to fjellstyra må avtale korleis dei skal fordele utgiftene sekretærtjenestene medfører.

Dette er kostnadane til fjellstyrekontoret i Kinsarvik, samt årlege utgifter i samband med den digitale arkivtenesta fjellstyret nyttar. Per no treng sekretæren ein lisens, som han nyttar både til Røldal og Ullensvang fjellstyre. Tor Helge har diskutert kostnadsdelinga rundt arkivtenesta med leiar i UF. Då dette er ein teneste begge fjellstyra er avhengige av, og kostanden til



tenesta er uavhengig av storleiken på arkivet, var det einigheit om at ein kostnadsdeling av denne utgifta nok vert rett.

Samla utgifter til husleige, fellestenester på kontorstaden (reinhold, internett, skrivar osv.) og digital arkivteneste inkl. office-pakke var i 2022 på kr 51.480,50. Dette er etter fråtrekk for eit tilskot Ullensvang kommune gir på 50% av utgifter til husleige (ikkje inkludert fellesutgifter).

Kostnadar 2022:	
Fellesutgifter heradshuset i Kinsarvik:	23586
Husleige:	32033
Fråtrekk tilskot til husleige:	- 16017
Digital arkivteneste + office-pakke:	11878,5
Sum	51480,5

Fjellstyret må diskutere korleis dei tenkjer kontorkostnadane skal fordelast.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Tor Helge har hatt ein dialog med leiar i Ullensvang fjellstyre om deling av kostnadane. Det er semje om å foreslå å dele kostnad til arkivteneste likt mellom fjellstyra. Fjellstyret stilte seg bak dette.

Det var elles semje om å foreslå at kostnadane til husleige blir fordelt med 1/3 for Røldal fjellstyre, og 2/3 for Ullensvang fjellstyre.

Vedtak (sak 08/23):

Røldal fjellstyre foreslår for Ullensvang fjellstyre at kostnadane til arkiv og fjellstyrekontor blir fordelt slik:

Digital arkivteneste + officepakke: Delt likt mellom fjellstyra

Husleige: Røldal fjellstyre dekker 1/3, Ullensvang fjellstyre dekker 2/3

Samrøystes.

Sak 09/23: Fornye leigekontraktar med Statskog for Svandalsflona



Saksdokument:

Saksutgreiing (SL):

Statskog har gitt tilbud om fornya leige av rettane til storviltjakt og fiske for Svandalsflona, for ei årleg leige for storviltjakt på kr 1.500, og fiske på kr 1.200,-. Statskog ynskjer ikkje å leige ut retten til småviltjakt.

Tor Helge har bedt om lenger leigeavtale – til dømes 10 år. Han har og bedt om avklaring av kva fullmakter som føl med leigeavtalen. Til dømes om fjellstyret kan representere Statskog i HA300 Røldal Storvald. Ei anna aktuell problemstilling er om fjellstyret har fullmakt til å søke om å få godkjent arealet til elgjakt og/eller hjortejakt, eller til reinsjakt på den delen av eigedomen som ikkje er godkjent per i dag (delen av området som ligg i Setesdal-Ryfylke villreinområde).

Statskog har ikkje svart på førespurnadane om lenger leigeavtale og avklaring om fullmakter som føl med leigeavtalen. Avtalen gjekk ut ved nyttår, og det hastar difor å få på plass ny avtale. For at det ikkje skal gå lenger tid enn naudsynt kan det vera aktuelt at Tor Helge får fullmakt til å skriva under på avtalen på dei vilkåra som ein kjem fram til i dialog med Statskog.

Framlegg til vedtak:

Tor Helge får fullmakt til å inngå avtale om fornya leige av storviltjakt og fiske på Svandalsflona-eigedomen, på dei vilkåra det blir semje om i dialog med Statskog.

Referat:

Statskog har etter innkalling sendt utkast til kontraktar for storviltjakt og fiske. Tor Helge har lagt inn nokre forslag til presiseringar til eit punkt i kontraktane.

Kartet som er lagt ved utkast til kontrakt for fiske viser ikkje arealet i Votna som er omfatta av avtalen, og dette blir påpeika til Statskog.

Det var ingen merknadar til å inngå kontraktane.

Vedtak (sak 09/23):

Tor Helge får fullmakt til å inngå avtale om fornya leige av storviltjakt og fiske på Svandalsflona-eigedomen, på dei vilkåra det blir semje om i dialog med Statskog.

Sak 10/23: Fiskeforbetrande tiltak



Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Underteikna fekk i fjor Tilsynsutvalet til å gje fjellstyra moglegheiten til å søkje om løyve til bruk av påhengsmotor i samband med jakt og garnfiske. Dette er aktuelt i vatn som er under 2.0 km², og samtidig ligg ved ei fjellstyrehytte. For Røldal er dette fyrst og fremst berre aktuelt i Holmavatnet.

Fjellstyret har søkt Grunneigarfondet om økonomisk støtte til fiskeforbetrande tiltak. Dette inkluderer innkjøp av settefisk, båtar, påhengsmotor, fryseboksar o.l..

Ullensvang FS har gått til innkjøp av påhengsmotorar i sine hytter. Underteikna meiner Røldal bør vurdere det same.

Ullensvang brukar ei salsside på Inatur som salskanal for leige av båtmotor. Det er to motorar på Belebu, og ein på Raudåna og Bjørnavassbu. I hyttene med fleire avdelingar må dei som leiger avtale bruken seg i mellom.

Info/reglar for leige frå sida på Inatur:

Fjellstyret har 4 hk påhengsmotor på Belebu (2 stk), Raudåna og Bjørnavassbu som kan leigast av dei som bur på hyttene. Dersom leigetakarar i begge romma på hyttene leiger samtidig må det avtalast brukarane i mellom korleis dei fordeler bruken.

Motoren kan kun brukast til garnfiske i eit omfang på minimum 50 garndøger og i samband med villreinjakt.

Det er ein 4 taktar påhengsmotor. Det skal brukast rein bensin (95) utan tilsett olja. Bensin må brukar ta med sjølv. Motoren kan leggjast på bakken på 3 sider. Motor er merka på sida som ikkje skal leggjast opp og bilete er vist i brukarinformasjonen på hytta. Ved bruk av motor må ein visa omsyn til at detta er fjellvatn med grunner og oppstikkande steinar, etc.(Dersom ein øydelegg båt/motor kan ein bli erstatningspliktig) Det ligger tennplugg og propell som reservedel. Ved uhell, skader, feil og manglar gi beskjed til fjellstyre så snart som mulig.

Fjellstyret anbefaler ein viss erfaring med bruk av påhengsmotor dersom ein ynskjer å leiga.

Motor er plassert i uthus og det er montert kodelås. Ved leigeslutt plasser motor tilbake og sett på igjen kodelås.

Koden står på kvitteringa du får frå Inatur når du har betalt for leiga.

Underteikna håpar Statsforvaltaren skal kome med ei positiv tilbakemelding på vår søknad om fiskeutsetting (sendt i fjor sommar). Underteikna ber i så tilfelle om fullmakt til å bestille/reservere settefisk hjå klekkeri.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



- Leiar får fullmakt til å bestille settefisk hjå klekkeri i samsvar med utsettingsregimet som framkjem av driftplanen.
- Fjellstyret går til innkjøp av påhengsmotorar til båtane ved Erikbu og Ninive.
- Om fjellstyret vert tildelt midlar til fiskeforbetrande tiltak frå Grunneigarfondet, får leiar fullmakt til ytterlegare investeringar som lista opp i søknadsteksten.

Referat:

Tor Helge orienterte om planane for innkjøp dersom fjellstyret blir tildelt midlar.

Det var semje om å bestille settefisk som planlagt i driftsplanen, dersom Statsforvaltaren gir løyve til utsetting.

Det var elles semje om å kjøpe inn påhengsmotorar til båtane ved Eriksbu og Ninive, men å avvente innkjøp av fryseboksar og båtar.

Vedtak (sak 10/23):

- Leiar får fullmakt til å bestille settefisk hjå klekkeri i samsvar med utsettingsregimet som framkjem av driftplanen.
- Fjellstyret går til innkjøp av påhengsmotorar til båtane ved Erikbu og Ninive.

Samrøystes.

Sak 11/23: Stiftelsen Redd Villreinen – tilskot til grunnkapital

Saksdokument:

- 2023.02.02 - Utkast til stiftelses-dokument og vedtekter

Saksutgreiing (THHT):

Tor Helge deltok på eit møte (i privat regi) med tema «Nei til vinterjakt og veien vidare». I dette møtet vart det lagt fram planar om å opprette ei stifting kalla Redd Villreinen. I utkastet til vedtekter kjem formålet til stiftinga fram:

§ 1 Formål

Arbeide for å fremme kunnskap om villreinen som kan bidra til god, kunnskapsbasert forvaltning og sikre en livskraftig og sunn villreinstamme med genetisk særpreg. Stiftelsen vil arbeide aktivt for å finansiere forskning og kunnskapsutvikling som berører villreinen, herunder sykdom.

Arbeid med stiftelsens drift skal skje på ideell og frivillig basis. Styret kan beslutte å dekke honorarer og kostnader for personer og virksomheter som engasjeres av stiftelsen. Styret kan inngå samarbeid og partnerskap om arrangementer og prosjekter i tråd med formålet.

Stiftelsen driver ikke erverv.



I etterkant av møtet, fekk fjellstyra Røldal, Eidfjord og Ullensvang førespurnad om å verte med som stiftar med kr 20 000,-.

Tor Helge kontakta Statskog for å diskutere om er noko fjellstyra kan bruke pengar på. Statskog stadfestar at dette ville vere å rekne som ein allmennyttig formål. Statskog stadfeste vidare at fjellstyret kan nytte inntil 5% av estimert brutto årsinntekt på allmennyttige formål.

Underteikna har grubla litt på korleis fjellstyret skal forhalda seg til førespurnaden, og har landa på at Røldal fjellstyre bør vere med som stiftar. Underteikna ser ikkje at dette skal vere kontroversielt ut frå intensjonen/vedtektene til stiftinga. Ein tydeleggjer på denne måten og kva som er Røldal fjellstyre sitt syn i denne saken. Samtidig gjev me og eit lite økonomisk bidrag for å stimulerer til auka forskning rundt CWD – dette vil underbygge/stadfeste vår misnøye/uro rundt den noverande manglande kunnskapen.

Underteikna minnar om at fjellstyret i skriv til Landbruks- og matdepartementet, samt Klima- og miljødepartementet i brev «2022.11.30 Uttale CWD tiltak - Røldal fjellstyre»:
«Fjellstyret forventar sjølvstøtt og at myndighetene straks vedtek dei økonomiske løyva som krevjast for å tette kunnskapshola ein har rundt skrantesjuka.»

Forutsetninga for at fjellstyret kan vere ein medstiftar i dette, må vere at det er forståing for at Røldal fjellstyre ikkje kan forplikte seg til ytterlegare økonomiske tilskot/bidrag utover det fyrste innskotet til grunnkapitalen i stiftinga.

Saka vart behandla per telefon/mail i forkant av møtet. Framlegget til vedtak er soleis i tråd med det som då kom fram.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre gjev fylgjande svar på førespurnaden:

Røldal Fjellstyre har styrebehandla førespurnaden om å vere med som stiftar av Stiftelsen Redd Villreinen.

Fjellstyret er av den formeining at det vil vere positivt med ein stiftelse som arbeidar aktivt for å finansiere forskning og kunnskapsutvikling som berører villreinen, herunder sykdom. At fjellstyret vert ein del av stiftinga, meiner me vil ytterlegare tydeleggjere vårt syn og tilnærming til utfordringane villreinen står ovanfor.

Underteikna stadfestar soleis at Røldal fjellstyre vert med som stiftar med kr 20.000,-.

Røldal Fjellstyre gjer merksam på at lovverket fjellstyra er underlagt, samt fjellstyret sin økonomi, ikkje gjer at Røldal Fjellstyre kan garantere framtidige økonomiske løyvingar utover dette.



Referat:

Det er ynskjeleg med ei juridisk vurdering av eventuelle forplikningar fjellstyret får ved å gå inn med startkapital. Fjellstyret kontaktar fjellstyresambandet om dette.

Det var elles semje om framlegg til vedtak, med atterhald om at eventuelle framtidige forplikningar blir avklart fyrst.

Vedtak (sak 11/23):

Fjellstyret kontaktar fjellstyresambandet for å få ei avklaring om eventuelle framtidige forplikningar. Dersom det blir avklart at det er uproblematisk å bidra med startkapital gjer fjellstyret fyljande svar på førespurnaden:

Røldal Fjellstyre har styrebehandla førespurnaden om å vere med som stiftar av Stiftelsen Redd Villreinen.

Fjellstyret er av den formeining at det vil vere positivt med ein stiftelse som arbeidar aktivt for å finansiere forskning og kunnskapsutvikling som berører villreinen, herunder sykdom. At fjellstyret vert ein del av stiftinga, meiner me vil ytterlegare tydeleggjere vårt syn og tilnærming til utfordringane villreinen står ovanfor.

Underteikna stadfestar soleis at Røldal fjellstyre vert med som stiftar med kr 20.000,-.

Røldal Fjellstyre gjer merksam på at lovverket fjellstyra er underlagt, samt fjellstyret sin økonomi, ikkje gjer at Røldal Fjellstyre kan garantere framtidige økonomiske løyvingar utover dette.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 11 3. ledd, som ei løyving av midlar til allmennyttige føremål i bygdene som har rett til allmenningsbruk. Samrøystes.

Sak 12/23: Årsmøte i Røldal Grendahus

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Fjellstyret er kalla inn til årsmøte i Grendahuset onsdag 1. mars kl 19.00 i Blåsalen. I tillegg til dei vanlege årsmøtesakene vert det lagt fram forslag til endring av vedtektene, kor ein kjem med vesentlege endringar for å avklara stemmerett og medlemskap i Grendahuset.



I skrivande stund er det noko uavklart korleis vedtektsendringa påverkar fjellstyret. Ved noverande reglar er alle stemmer vekta likt – uavhengig av antal aksjer, eller type (A – eller B – aksjer). Kort oppsummert verkar det som om A-aksjonærane no «tar tilbake makta». Eit grovt estimat er at det etter endringa vert totalt 32 stemmer på årsmøtet. Av desse har fjellstyret 5 stemmer. B-aksjonærane vil og etter endringa få totalt 5 stemmer.

Laga vert også minna på å hugse å ha kandidat til styret. I løpet av siste året har fjellstyret ikkje hatt styrerepresentant i Grendahusstyret.

Underteikna har ved fleire anledningar dei siste åra argumentert for at det ikkje er naturleg at Røldal fjellstyre har ein aktiv rolle i drifta av Røldal Grendahus – underteikna meiner at dette heller ikkje bør vere tilfelle framover. Dei nye vedtektene bør soleis vere slik at fjellstyret ikkje har forpliktingar ovanfor Røldal Grendahus.

Om vedtektene vert omtrent som i framlegget, foreslår underteikna at Røldal fjellstyre tilbyr B-gruppa vår plass i styret (slik at dei vert to styrerepresentantar). Vår styrerepresentant vil i så tilfelle også få fullmakt til å nytte våre stemmer. Desse fullmaktene kan me gje tidsavgrensa.

Framlegg til vedtak:

XXXX får fullmakt til å representere Røldal fjellstyre på årsmøtet i Røldal Grendahus.

Røldal fjellstyre sender fylgjane innspel/forslag til endringar i utkastet til nye vedtekter:

Punkt 4 – sjetten avsnitt.

Partar kan ikkje verta overdregne.

Punkt 5:

2. Årsmøtet kan vedta å gje høvesgåver, og dessutan gåver til samvirkeformål eller allmennyttige formål som er rimelege utifrå formålet med gåva. Gåva må vere til formål innanfor gamle Røldal kommune.

Punkt 6 – fyrste avsnitt:


Føretaket skal ha eit styre med minst 4 styremedlemmer i tillegg til styreleiar. (Fjernar makstalet for å opne for moglegheita til at det vert fleire lag med A-partar i framtida.)

Punkt 6 – må leggje til:

Bør ha noko om valnemd, samansetning på denne, og valperioden.

Punkt 8 – andre avsnitt:

Dersom det er midlar i føretaket etter at det har dekkja sine forpliktingar, skal det som står att av midlane gå til samvirkeformål eller allmennyttige formål innanfor gamle Røldal kommune.



Referat:

Det var semje om at Tor Helge får fullmakt til å stille på årsmøtet, og at fjellstyret sender inn innspel/forslag til vedtektene som vist i framlegg til vedtak.

Det var elles semje om at fjellstyret ikkje ynskjer å ha ei aktiv rolle i grendahuset, og Tor Helge får fullmakt til å fremje forslag om å overlata aksjane til Røldal Grendahus.

Vedtak (sak 11/23):

Tor Helge får fullmakt til å representere Røldal fjellstyre på årsmøtet i Røldal Grendahus.

Fjellstyret ynskjer ikkje å ha ei aktiv rolle i grendahuset, og Tor Helge får fullmakt til å fremja forslag om å overlata aksjane til Røldal Grendahus.

Samrøystes vedteke.